

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 29	Utkommer hver måned	Februar 1933	Utgiver og redaktør: <b>Sogneprest Slaattelid</b> Davik	4. årg.
--------	---------------------	--------------	---	---------

### Bøn.

Allmektige og evige Gud, du som styrer alle ting i himmelen og på jorden, hør i nåde ditt folks bønner og giv oss din fred alle vårt livs dager. Ved Jesus Kristus vår Herre. Amen.

### Guds ære.

Herre Jesus, lat meg læra av ditt ord og av di gjerd, at eg sokja skal Guds æra i mitt liv og all mi ferd; ikke for mitt eige syrgja, berre etter ein ting spryja, berre på det eine sjå, at Guds sak eg fremja må.

Lat oss liva då og anda for Guds ære all vår dag, i hans gjerning stendigt standa til vårt siste andedrag! Og når myrkret på vil falla og herfrå du vil oss kalla, giv oss då i grav den ros: Du i livet var vårt ljós.

Blix i »Nynorsk salmebok«:

### Rum for dig.

Der er ennu rum. Luk. 14, 22.

Hvorfor skal nogen av oss gå fortapt, når der er rum for oss hos Gud?

Der ligger over dig et svært enten-eller: enten frelst eller fortapt. Vi kunde kanskje i et øieblikks blindhet ønske, at det var så at alle blev frelst, både de som omvender sig og de som ikke omvender sig. Men det er ikke så. Vi må ta dette ansvar: Enten frelst eller fortapt. Dette er livets alvor.

Men hvorfor skal du gå fortapt, når der er rum for dig hos Gud? Der er mange værelser hos Gud. Der er også et for dig. Det er påskrevet ditt navn med Jesu blod. Skal det stå ledig til evig tid?

Du sier kanskje: Jeg vilde så gjerne være et Guds barn. Der er en tørst etter Gud i mitt hjerte. Men det er så dårlig med min tro, så mange tvil, så mange vanskeligheter og hindringer. Det er så dårlig med min anger. Den er ikke dyp nok og sterk nok.

Her er allikevel rum for dig hos Gud. Jeg er så glad at jeg kan si dig det, og at jeg har Bibelen med mig når jeg sier dig det: Der er rum for dig hos Gud. Du kan komme med din bønn, med din synd, med dine mange tvil og vanskeligheter. Du kan trygt komme. La oss be:

Ja jeg vet det i grunnen, Herre min Gud. Der er rum for mig hos dig. Jesus har ordnet det alt sammen. Men der er en ond ånd som holder mig tilbake og skremmer meg bort fra dig og sier, at jeg må vente til jeg får en bedre tro. — Men jeg vil ikke vente. Nei, det vil jeg ikke. Jeg kommer til dig som jeg er. Jeg har intet å påberope mig hos mig selv, intet å by dig uten et hjerte som tørster etter dig. Amen.

Efter sogneprest J. J. Jansen.

### Nyårshøg 1933.

Herre, lat det få stå i år og.

Luk. 13, 8.

Når øksi vert lyft til hogg av den rettferdige hand, då stig Jesus imillom og bed so mildt um ei ventetid: »Herre, lat det få stå i år og!«

Soleis står den himmelske gartnaren i forbøn for oss ved nyårstid. Det er ålvorsamtid framfor den heilage og rettferdige Gud ved årsskiftet. Det er liksom vi har vunne oss upp på ein høg fjelltopp og har utsyn vidt utover. Vi står og ser tilbake på det framfarne året med sine sorgjer og gleder, og vi hugsar dei uteljande velgjerningar som vi må takka Herren for. Og so står vi og skodar framover til det ukjende og spør, kva den kjære Gud vil tilskikka oss i året som kjem. Lat oss fly inn i Jesu opne fang og ropa med Peter då han heldt på å sokkja: »Herre, frels meg!« Vi veit, at den sterke frelsararm er like mektig no som då. Og er du redd og modlaus, so tenk på hans herlege lovnader: »Min nåde er deg nok.« »Eg har ettergjeve deg skuldi di, du skal ikkje døy!« 2. Sam. 12, 13. Mange slike gode lovnader har vi i den heilige skrift. »De er kostbarere enn gull, av evige løfter og nådeord full.« Glade og fegne skal vi ta desse herlege trufaste ord til vår leidestjerne i dette nye året, so vi kan veksa i nåde og kjennskap til vår Herre og frelsar Jesus Kristus. 2. Pet. 3, 18.

Kanhenda vert det for nokre som les dette stykket, det siste året av vår nådetid her nede. Måtte det då vera slik som det står i Claus Frimanns salme: »Tak oss alle i din famn, hør vår bøn i Jesu namn.«

J. Høinæs.

### Den kristne tro.

#### 5. Bibelen.

Som vi talte om sist, er det Gud selv som har lært oss hvad vi skal tro om Ham. Han har åpenbaret sig for oss ved profetene og ved Jesus Kristus. Denne Guds åpenbaring er det Bibelen forteller om. Her er alt det av profetene og av Jesu ord, som Gud vilde skulde bevares til senere tider, og her er beretningen om Guds gjerninger til vår frelse. Det som vi skal tro om Gud, finner vi altså i Bibelen. Den er Guds ord, Guds tale til oss. Bibelens ord er Guds ord. 2 Tim. 3, 16. Den kristne skal holde sig til Bibelen og böie sig for den, for da böier han sig for Guds åpenbaring. Han er sikker på at det som der står om Gud og de

evige ting er sant, førdi det er Gud som har sagt det. Å tro på Bibelen er å tro på Gud. Dette gjelder alt det som har med Gud og frelsen å gjøre. Det er jo dette som Gud har åpenbaret. Når det gjelder rent jordiske ting, historiske eller naturhistoriske spørsmål, da taler profeter og apostler på menneskelig vis, ut fra de kunnskaper og synsmåter som var almindelige i deres samtid.

Nu melder sig et viktig spørsmål: Hvem skal fortolke Bibelen for oss, så vi forstår den rett? Der er jo så mange stridende opfatninger angående den kristne tro; men alle påstår at deres mening stemmer med Guds ord. Hvem skal vi holde oss til? Her er å si, at det er ikke den enkelte kristen som kan legge ut Bibelen på egen hånd, etter sine egne tanker og innfall. Han vil da meget lett komme bort i all slags villfarelser. Det er ingen hjelp i om han sier, at det er Guds ånd som gir ham den rette forståelse; for det påstår jo også en annen som har den stikk motsatte mening. Saken er, at det er hele den kristne kirke, som fortolker Bibelen. Den alene kan gjøre det med sikkerhet. Den har jo løfte fra Herren om at Helvedes porte ikke skal få overhånd over den, og den er det som er sannhetens støtte og grunnvoll. 1 Tim. 3, 15. Den legger derfor ut Bibelen rett og gir oss sannheten. Den enkelte kan ikke sette sin fortolking op imot den hellige almindelige kirkes, men skal rette sig etter den. Som Luther sier: »Det er farlig og skrekkelig å høre eller tro noget imot den hele hellige kristne kirkes samstemmige vidnesbyrd og tro og lære, dette som har vært endrektilig trodd i over 1500 år i hele verden.« Kirken legger ut skriften for oss; holder vi oss til dens fortolkning, er vi sikker på å forstå Guds ord rett i alle ting som er nødvendige til salighet.

### Gudstenester.

- 4. sund, etter Kr. openb.s., 5. febr.: Totland.
- Sundag septuagesima, 12. febr.: Aalfot.
- Sundag sexagesima, 19. febr.: Rugsund.
- Fastelags sundag, 26. febr.: Davik.
- 1. sundag i fasta, 5. mars: Totland.
- 2. sundag i fasta, 12. mars: Rugsund.



### Våre døde.

18. desember: Brite Rasmusdtr. Rimstad, kårenkje; f. 1844; alderdom.  
 21. desember: Henrik Andreas Vik, enkjemann, pensjonera infanterikaptein; f. 1863; lungebrand.  
 6. januar: Oline Isaksdtr. Runshaug, kårenkje; f. 1848; alderdom.  
 11. januar: Solveig Kristiansdtr. Krabbestig, f. 1929; brandsår.

Og ikkje mange år det vert fyrr  
eg gjeng burt og kjem ikkje att.

Job. 16, 32.

### Høilovet være Gud.

Av nåde er jeg frelst og fri,  
min syndeskyld betalt,  
selv har jeg intet hort å gi,  
min Jesus gjorde alt.

Jeg gikk omkring med ve og verk  
i syndemørke natt,  
da kom min frelser om og sterk  
og gav mig himlens skatt.

Og himlens skatt er evig fred,  
mitt gjeldsbrev slettet ut  
i Jesu blod og kjærighet.

Høilovet være Gud! J. B.

### Notisar.

Til kyrkjeorget i Davik er innkome: Frå lærarne Kristine Sigdestad 50 kr.

### Kyrkjeleg statistikk for 1932.

	Davik	Rugsund	Aalfot	Ialt
Fødde .....	14	40	8	62
Derav uekte .....	0	1	0	1
Døypte .....	11	32	8	51
Konfirmera .....	19	31	5	55
Vigde i Davik ...	4	11	1	16
Vigde andre stader	4	2	0	6
Jordfesta .....	17	29	7	53

Talet på altargjester var i 1932 tilsaman 1350, derav i Davik 405, i Rugsund 825 og i Aalfot 120. Dette er i Davik 35, i Rugsund 290, i Aalfot 19 meir enn i 1931. I desse tali er ikkje medrekna indremisjonsstlemnene på Totland og i Davik med 197 og 475 altargjester. — Det er ein gledeleg ting, at talet på nattverdgjester har auka. Det er vel delvis ei fylgje av den vekkjing som her var ifor. Ein serleg god ting er det, at sume av dei som verkeleg vil gjera álvor av sin kristendom er tekne til å gå oftare til altars og ikkje berre dei two gongane for året. — Av 50 vaksne døde var det 22 som vart beretta og mottok sakramentet under sin siste sjukdom.

Aalfot sokneråd har for 1933 valt kyrkjesongar Bruland til formann, R. O. Myklebust til næstformann, Peder Sigdestad til kasserar, Hans Sigde-

stad og Tomas Myklebust til revisorar. Det vart vedteke ofring til Menighetsfakultetet i påska, heidningmisjonen ikr. pinse og sanitetsforeiningi ikr. jol.

Påfyllingi av kyrkjegarden i Aalfot er no ferdig. Der er påkørt ca. 4400 lass, alt ved pliktarbeid.

Davik sokneråd har valt soknepresten og Hilmar Kjøllesdal til formann og næstformann, P. Endal til kasserar, A. R. Daviknes og P. Drageset til revisorar med H. H. Hamre d. y. som varamann. Det vart vedteke å ha ofring på same måte som i Aalfot. Det vart pålagt formannen å røkja etter, korleis det stiller seg med prisane på kyrkjeorgel; vonleg vert det no snart álvor av å kjøpa orgel.

Til kyrkje i Kjøllesdal er no innsamla ikring 4500 kr.

Ofringar i Aalfot i 1932: 3. januar til heidningmisjonen kr. 21.80; 17. apr. til Ungdomshjelpi 28.31; 4. novbr. til sjømannsmisjonen 25.95; til saman 76.06.

**Basarar:** I Lefdal 30. desember for sanitetsforeiningi kr. 75.20. — Davik barneforeining for heidningmisjonen 30. desember 30 kr.

Kontingent innkome til 1. januar: Aalfot: Synneve Vik 2 kr. — Davik: Kyrkjesongar Daviknes 3; Kr. Frimannslund 2.50. — Endal: G. Endal 2. — Rugsund: Martinus Olsbø 2. Bortne: Didrik Bortne 3. — Rimstad: Peder O. Totland 3; Katrine Nybø 2. — Maurstad: Lars Maurstad, Jakob Heggedal 2; Albert Hessevik 2.50. — Utanbygds: J. Høinæs, Bremanger 2.

Hjarteleg takk til alle.

Det som er betalt etter 1. januar vert kvittera for i næste nummer.

Til sanitetsforeiningi er innkome: Basarar: Haus og Ervik 94 kr.; Levdal 75.20. — Offer i Davik 102.14. — Jøleodd: Aalfot 20, Endal 5. Dombestein 5.25, Berle 5, Davik 5, Almenning 3.50. — Merke: Aalfot 4, Endal 1.72, Dombestein 2, Berle 0.60, Davik 2, Rimstad 4, Almenning 2. — Maiblomar: Torheim 5. — Medlemspengar: Davik 5, Rimstad 5.

### Rekneskap for Kirkebladet for 1932.

#### Inntekt:

Overført frå rekneskap 1931 Kr. 614.02

Innbetalt kontingent 1932... » 748.75

kr. 1362.77

#### Utlieg:

Trykkjring og ekspedisjon Kr. 600.00

Portoutlegg for nr. 16—27 » 64.17

» 664.17

Overført til rekneskap for 1933 ..... Kr. 698.60

Som ein ser har det også dette året gått svært bra med Kirkebladet og eg takkar hjarteleg alle dei som har gjeve det sin studnad. Sjølv sagt er det sume som ikkje har betalt; sume fordi dei verkeleg ikkje har råd til det, og til slike sender

eg med glede bladet gratis; andre fordi dei ikkje har interesse for det som bladet arbeider for, og dei treng vel allermest til å få den påminning som bladet er. Lår vil eg senda ut eit par dubbeltnummer, sidan det var overskot for 1932.

**Ektevigde:** 5. jan. i Davik Anton Larsson Endal og Margit Pederdsdtr. Oteren. — 6. januar på Flora Johannes Matiasson Stave, Bryggja, og Johanne Jørgensdtr. Eikeset, Bremanger.

**Gardsnamn i Davik.** G a n g s ø y av gamlnorsk gangr: beite for husdyr. — S v o r a av svor: jordskred eller steinskred. — O l d e i d e kan dei ikkje forklåra. — T y t i n g v å g, kanhenda av Tyntningar som då skulde vera det gamlnorske namnet på holmane utanfor vågen som so skulde koma av tjota, tuta(?). — K r a b b e s t i g av gjerningsordet: krabba = kravla, krypa. — H u s e - v å g: av hus. — R a m s e v i k : av plantenamnet rams.

**For 100 år sedan.** Døde: 8. febr. 1833 Christen Pedersen Gjegnelund, husmann, 55 år. 17. febr. Dorthe Pedersdtr. Eikås, 17 år. 22. febr. Stephen Samuelson Eikaas, vilkårsmand, 88 år. 25. febr. Anders Andersen Børtnæ, husmann, 60 år. 28. febr. Ragnhilde Olsdtr. Endal, vilkårskone, 68 år.

**Kyrkjearret.** Liksom ein har advent som ei fyrebuing til jol, soleis har ein og ei fyrebuingstid fyre påsken. Den tek til med sundag septuagesima; dette er eit gresk ord som tyder: syttiande; det er då 70 dagar att til slutten av påsken, når ein reknar at den varer til laurdag etter påske. So kjem sundag sexagesima, d. v. s. sekstiande, ikring 60 dagar fyre påske. Deretter har vi fastelags sundag, sundagen fyre sjølve fasta.

**Davik skulestyre** har samråystes sett til lærar i Maurstad krins Peder Midthjell, fødd 1897, lærarskuleeksamen 1921, sidan den tid lærar i Haus og Levdal. — Alvild Fjellestad fekk etter søknad avskil frå 1. januar for sjukdom skuld.

**Ofringar og kollektar i Davik 1932.** 20. mars kollekt til ungdomsskulen på Vereide på konsert ved Nordfjord kristlege mannskor kr. 38.30. — 27. mars ofring til Ungdomshjelpi 84.51. — 15. mai ofring til heidningmisjonen 75.42. — 19. juni ofring til indremisjonen 748.20. — 23. oktober kollekt til det kristlege ungdomsforbund 19.97. — 25. desbr. ofring til sanitetsforeiningi 102.14. — Innkome i bøssene i våpenhuset til heidningmisjonen 0.40. Tilsaman 1068.94.

#### Grønlandsstriden.

Biskopen i Bjørgvin har sendt alle prestane dette skriv, som skal lesast upp i kyrkjene 4. sundag etter Kristi openberrings sundag:

I den saki som er framme millom Danmark og Norig um Aust-Grønland, meinar båe folki seg å hava rett. Dei hev difor med heilrådd hug lagt saki fram for den

internasjonale domstolen. Men jamvel når ein strider for retten sin, er det um å gjera å vera tru mot sanningi og mot kjærleiken. Kvar slik sak vil tvillaust føra med seg, at ein leitar fram og merkjer ut dei veike eller dei ufjelge sider ved motmannen, ja kannhenda gjer dette i yvermål. Dessutan kan eit avgrensa hopehav lett føra til, at heile samhøvet millom folki vert grått og beiskt. Det må vera ei plikt for alle i denne tid å sokja retten i truskap mot sanningi og kjærleiken. — I samråde mann og mann imillom, i offentleg umtale, ja i sine tankar, må ein halda vakt mot ein naturleg hug til å tegja med det som talar til skynsemd mot motmannen og til å koma fram med og spreida ut det som kan skapa uvenskap millom våre folk. Dei two kristne folk som her fører ei sak mot einannan, hev alltid gjenge i brodden for rett og semje millom tjodene. Det finst uupgjorde hopehav millom Danmark og Norig, der me ser desse saker på ymse vis. Me skal ikkje her fornekta vårt syn, nokon av oss, men me må ikkje svika den djupe samkjensla i tru og folkeånd og arbeid som er mykje meir verd enn alle tvistemål. Menneskehugen må dagleg prøvast og reinsast, med di ein gjeng fram for Gud med alt, og vår bøn idag skal vera, at Norig må gå til denne rettsavgjerdsla med eit sinnelag, fritt frå vondhug og med ærleg vilje til å vera tru mot sanning og kjærleik.

**Bøn:** Fader i himmelen! Me bed deg gjeva oss ein ærleg vilje til å tenkja og tala og handla i sanning og kjærlek ogso no i det tvistemål som me broderfolk hev med kvarandre. Me bed deg, hjelp oss til å døma oss sjølve og reins oss frå all svivyrdsleg umtale av kvarandre og gjev oss kraft til å forsaka alt som kann setja vondt millom Danmark og Norig utan grunn. Me bed at di hand må leida våre folk i denne sak og føra oss lenger fram til deg og til den skynsemd og kjærlek millom menneski som ved din son, Jesus Kristus, skal vera livande millom oss. Herre, vara og velsigna våre folk og hjelp oss alltid å gjera rett mot kvarandre og til å stå einige saman i arbeid og strid for rettferd og fred på jordi. Amen.